



Gro Fønnes  
Bjøllebotn 91  
5226 NESTTUN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/8014 - 20/22062

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
27.04.2020

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden din - gbnr 81/3 Risøy

**Tiltak:** Rom for reinseanlegg  
**Byggjestad:** Gbnr: 81/3  
**Tiltakshavar:** Gro Fønnes  
**Ansvarleg søkjar:**

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 06.04.2020.

Søknaden gjeld etablering av teknisk rom for plassering av reinseanlegg. Dette er del av eit større tiltak som det er gitt dispensasjon for å etablera på eigedomen i vedtak datert 10.02.2020. Tiltaket omfatta etablering av VA-anlegg, utviding av terrasse og etablering av teknisk rom for plassering av reinseanlegg under terrassen.

Før tiltaka som er gitt dispensasjon for kan etablerast må det liggja føre byggjeløyve. Slik vi har skrive i dispensasjonsvedtaket vil etablering av tiltaka vera søknadspiktig med krav til bruk av ansvarlege føretak. Tiltaka må sjåast i samanheng og samla søknad må sendast inn. Anleggsrommet for reinseanlegget er ikkje eit sjølvstendig tiltak, men del av vass- og avløpsanlegget og skal inngå i samla søknad.

Søknaden må supplerast slik at den omfattar heile tiltaket. Nødvendig dokumentasjon som nabovarsel, kart, teikningar og ansvarsrettar m.m. må leggjast ved.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.06.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden. Dersom de ønskjer å trekka innsend søknad må det skje innan same frist.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Byggassistenten Risøy

Solåsen 2H

5223

NESTTUN

**Mottakarar:**

Gro Fønnes

Bjøllebotn 91

5226

NESTTUN

Leif Terje Fønnes

Bjøllebotn 91

5226

NESTTUN